

## Referat konstituerande møte 20. oktober 2021 for nytt prosjekt om avbøtande tiltak i Setesdal-Ryfylkeiane (2021-).

Møtestad: Bykle hotell. Møtet varte fra kl. 08.30 til kl. 11.00

### Disse møtte (uthevet i svart):

Lena Romtveit	Norsk villreinsenter
Morten Elgaaen	Norsk villreinsenter
Anne Gro Ahnstrøm	Vestfold og Telemark FK
Sigrud Bjørgum	Bykle kommune
Preben Falck	Stavanger Turistforening
Sveinung Olsnes	SNO
Edgar Vegge	Kvinesdal kommune
Vemund Jaren	Miljødirektoratet
Sigmund A. Trydal	Agder Energi
Bjørn Laugaland	Hjelmeland kommune
Torborg Kleppa	Hjelmeland kommune
Steinar Møll (for Lene Jacobsen)	Statens vegvesen
Trond Erik Børresen	Lyse Kraft
Jørn Haug	Forvaltningssekretariat SVR
Jarle Lunde	Sekretær villreinnemnda SVR-SA
Per Ketil Omholt	Statsforvaltaren i Agder
Tor Arne Eiken	Kvinesdal kommune
Björg Hellem	Agder fylkeskommune
Inge Olav Fjalestad	Bygland kommune
Svein Ekre	Setesdal-Austhei Villreinlag
Torill Telstad	Suldal kommune
Alf Odden	SVR forvaltningssekretariat
Aud Irene Kittelsen	Vinje kommune

### Forfall (etter påmelding):

Olav Strand	Norsk villreinsenter
Knut Hagen	Villreinnemnda for Setesdalsområdet
Per Øyvind Grimsby	Sira Kvina
Olav Schrøder	NJFF Aust-Agder
Sissel Bakke	Rogaland fylkeskommune

**Innbjodinga gjekk ut til alle nemnte instansar i vedlagt projektskisse som også låg ved innkallinga til møtet.**

**Velkommen og litt om målet med møtet** v/Per Ketil Omholt  
Velkomst og presentasjonsrunde.

### **Interimstyrets arbeid og hovudinnhaldet i prosjektskissa:**

Jørn T. Haug orienterte om Interimstyrets arbeid og framlegg til nytt prosjekt:

Bakgrunnen for arbeidet med nytt prosjekt:

- GPS – merkeprosjektet 2006 – 2018 med tilhøyrande rapportar (NINA-rapport 694 og 1457)
- Anbefaling om å oppretthalde ein møtearena og teste ut effektar av tiltak
- GPS-merkeprosjektet blei formelt avslutta i møte 14. oktober 2020.
- I same møte vart det oppnevnt eit interimstyre med mandat å lage ei prosjektskisse med fokus på avbøtande tiltak for villrein.
- Utkast til prosjektskisse blei lagt fram for den gamle styringsgruppa i møte 14. juni 2021. Enkelte mindre justeringer etter dette. Laga som NVS notat 12/2021.
- Invitasjon til konstituerende møte 20.10.2021 sendt ut

Interimstyret har vore ihopsett av:

Jarle Lunde (villreinnemnda)

Per Kjetil Omholt (Statsforvalteren i Agder)

Lena Romtveit (Norsk Villreinsenter sør)

Jørn T. Haug (forvaltningssekretariatet for verneområdestyret i SVR)

Målet for prosjektet er skissert som:

- Gjennomføre tiltak for å betre levekåra for villreinen og sikre villreinens leveområde for framtiden.
- Prosjektet skal ha ei sentral rolle i å sikre at tiltak som iverksettast er godt fagleg grunngjevne og er mogleg å etterprøve.
- Arbeidsutvalet har ansvar for å sikre at kunnskap frå andre relevante prosjekt blir bruka i arbeidet og prioriteringane. Eks. det tidlegare GPS-merkeprosjektet, FoU-prosjekt (ReinRein) og kvalitetsnorm for villrein.

Tiltak og arbeidet med desse:

- Ei samla tiltaksliste m/referansar basert på anbefalingane i NINA Rapport 1457
- I tillegg tiltak i to nye fokusområde: Nord i Setesdal Ryfylke – Hardangervidda + Rv. 9 utvekslingsområde mellom SR og SA
- For nokre tiltak føreslår interimstyret forsterka prioritering. Det gjeld tiltak som fyller eitt eller fleire av fylgjande kriterie:
  - Liten økonomisk kostnad og med forventa stor positiv effekt for villreinen
  - Stor semje blant involverte aktørar om gjennomføring
  - Tiltaket heng nøye saman med eitt eller fleire andre tiltak og der disse må sjåast i samanheng
- For kvart tiltak er det sett opp ein ansvarleg aktør og forslag til arbeidsgruppe

**NB!** Det er referansegruppa som til slutt må gjera ei endeleg prioritering.

**NB!** Tiltaka er basert på frivillighet. Ingen myndighet i prosjektet til å gje pålegg.

**NB!** Geografisk avgrensing til Setesdal Ryfylke. Vurderast på nytt når GPS-prosjektet på austheia er avslutta.

Framlegg til organisering:

**Referansegruppa** som favner «alle». Kan utvidast etter behov. Opp til aktørane sjølve om det skal vera politisk og/eller administrativ deltaking.



**Arbeidsutval** sett i hop av aktørar som famnar breidt i forvaltninga av villreinområdet.

Forslag: villreicutval, statsforvaltar, fylkeskommunen, villreinnemnd, og forvaltningssekretariat SVR.

**Arbeidsgrupper** for dei enkelte tiltaka

**Fagleg leiing** v/Olav Strand

**Sekretariat** for referansegruppe og arbeidsutval: Norsk villreinsenter Sør

**Miljødirektoratet** som observatør

Framlegg til finansiering:

- Deltakarar i referansegruppa og arbeidsutval dekker sjølve kostnadane til deltaking
- Har startkapital på kr. 125 000 til mindre løpande utgifter. Supplering etter behov
- Det er tiltaka som vil koste. Arbeidsgruppene må sjølve syte for finansiering av desse. Til dømes frå:
  - Fylkeskommunane gjennom midlar dei har fått knytt til avbøtande tiltak
  - Vilttiltaksmidlar eller anna frå Miljødirektoratet og Stasforvaltarane
  - Midlar gjennom vilkårsrevisjonar om slike kjem
  - Eigenfinansiering frå problemeigar ref. matrisa
  - Eigeninnsats

Framlegg til mandat:

#### **Referansegruppa**

- Legge rammene for prosjektet inkludert prioritere og koordinere mellom tiltaka.
- Samhandlingsarena for arbeidet med kvalitetsnorm for villrein nemnt som «lokal gruppe» i kvalitetsnormen

#### **Arbeidsutval**

- Ansvar for det praktiske arbeidet mellom møta i referansegruppa
- Formidling av kunnskap som har kome fram i GPS-merkeprosjektene i regionen
- Nyttiggjera seg av kunnskap som kjem fram som følge av CWD-merking
- Koordinering av prosjektets oppgåver opp mot arbeidet med kvalitetsnormen i SR

#### **Arbeidsgrupper og ansvarleg part**

- Ansvar for å dra prosessen med å iverksette tiltak inkl. skaffe finansiering

#### **Føringar/konsekvensar av klassifiseringa av SR i kvalitetsnormen – kvar går vegen vidare og korleis er koplinga til dette prosjektet?** v/Vemund Jaren

Kvalitetsnormen er heimla i NML §13 at det kan fastsettast Kvalitetsnorm for artar. Dette er på mange måtar nybrottsarbeid. Forarbeidet til kvalitetsnormen ligg i NINA Rapport 1400 og er utarbeida av ei ekspertgruppe. I tillegg har KGL res. nr. 23.06.20 også mykje bakgrunnsstoff for kvalitetsnormen, i tillegg til forskrifta som ligg på Lovdata.

Dersom områda ikkje oppnår tilstand middels eller god, «bør» det fastsettast tiltaksplanar for det aktuelle området, jamfør det påverkingsanalysane i samband med klassifiseringa viser.

Det bør ikkje ta for lang tid frå klassifisering til ein kjem i gang med tiltaksplanar og det vidare arbeidet med desse.

Klassifiseringsarbeidet er i kjømda og ekspertgruppa som skal arbeide med dette skal i fyrste omgang gjera klassifiseringa av dei 10 nasjonale villreinområda våre i 2022, dernest dei 14 ikkje-nasjonale i 2023. For kvart område er det i tillegg oppnemnt 2 lokale representantar som skal delta i klassifiseringa av sine områder, og bidra med lokal kunnskap og kalibrering.

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48

Det forventast at ekspertgruppa rapport for kvart enkelt område kjem samstundes ved utgangen av mars 2022.

Arbeidet med tiltaksplanar er ikkje drøfta med departementet ut over det som står i Kgl.Res. Ein viss sjans for at ein del av dette arbeidet vil bli lagt til Miljødirektoratet med ytterlegare regionale/lokale bidrag ut over dette.

For villaks kom det i september nasjonal handlingsplan, for villrein vil det vera meir aktuelt med ein rapport for kvart villreinområde.

Det er sagt at arbeidet med oppfølginga av tiltaksplanane skal gjennomførast av forvaltninga med lokale bidrag når den tid kjem. Det er derimot ingenting i vegen for at prosjektet jobbar vidare med prioritering av tiltak og rigging av økonomi og øvrig rammeverk for å koma til utprøving av ulike avbøtande tiltak.

#### **Konstituering v/Per Ketil Omholt:**

Drøfting/votering over Interimstyrets forslag til referansegruppe, leiar og arbeidsutval:

Neste møterunde i det nye prosjektet forventast ikkje før i andre kvartal 2022, då ein mest truleg også har liggande ein rapport med klassifisering for området.

Det vil også vera viktig å koordinere at det er samheng mellom dei prioriterte tiltaka i prosjektet og det ekspertgruppa eller andre påpeikar i klassifisering og tiltaksplanar.

Referansegruppa vil ikkje operere etter fleirtalsvedtak, men snarare frivillighet og konsensus i gruppa.

Det kom spørsmål frå salen om kven som representerer dei ulike inn i prosjektet? Er enkeltrepresentantane berre med i ei lausleg organisering, eller skal dette vera ei gruppe som er fastare i forma som kan stå med brei front i ulike saker?

Utgangspunktet og tanken bak prosjektet har heile vegen vore å oppretthalde ein arena for drøftinga av villreinfaglege tema og aktuelle tiltak. Organiseringa av prosjektet som skissert av Interimstyret baserer seg på dette. Utkastet bygger også på at kvar representant må sjølv syte for forankring i eigen organisasjon der dette er naudsynt.

Denne organiseringa er i ein annan fase enn dei tidlegare GPS-merkeprosjekta har vore, som meir reindyrka forskingsprosjekt. Dette er meir ein driftsfase og ein treng no å avklare kva form denne organiseringa skal ha for å ivareta ei løpande driftsfase som følgjer opp resultatata frå dei tidlegare forskingsprosjekta, samt resultatata frå kvalitetsnormen.

Agder Energi påpeika behovet for ein arena å drøfte ulike problemstillingar på tvers av aktørar og forvaltningsgrenser, som vedkjem alle aktørar i det same området. Tilsvarande ser Kvinesdal kommune behovet for den administrative, faglege organiseringa som kan rådgje ulike vedtaksdyktige forvaltningsorgan eller -prosessar.

Fylkeskommunane er redde for å bli «låst» i ei organisering som eventuelt møter mykje motbør politisk, lokalt eller tilsvarande. Ei organisering der denne møtearenaen er kunnskapsleverandør, som orienterer Handlingsprogrammet og Heiplansamlinga om status for diskusjonar og framdrift for aktuelle avbøtande tiltak, kan vera ei løysing som sikrar at deltakarar i referansegruppa ikkje blir bundne i forhold til andre politiske vedtak.



Til mandatet: Arbeidsutvalet/styret kan ikkje ta avgjerder på vegne av deltakarane i referansegruppa, men kvar enkelt instans må ta med seg førespurnadar heim til sin instans og drøfte internt om forslag er gjennomførbart eller ikkje. Det vil i alle tilfelle vera avhengig av behandling og vedtak i respektive forvaltningsmynde, dei tiltaka som anbefalast gjennomført.

Referansegruppa (godt forklart som dialogforumet) bør vedtas som eit fast innslag i årleg Heiplansamling. Vidare må mandatet til arbeidsutvalet/styringsgruppa/samhandlingsgruppa formulerast klart og tydeleg. Kom også innspel om at denne gruppa heller burde bli kalla for «samarbeidsutval». Og at målet for denne; jobbe for å gjennomføre avbøtande tiltak i heiplanområdet. Vidare eit innspel om at dette samarbeidsutvalet må fungere som eit styre i ei eller anna form. Dette for å plassere ansvar for prosjektets framdrift og bruk av midlar osv.

#### **Oppsummering og avslutting.**

Samarbeidsutvalet vedtakast som framlagt med Agder FK som representant. Denne gjer endringar i mandat/organisering/prosjektskisse fram til at ein inviterer til nytt møte i referansegruppa etter rapporten om klassifisering i kvalitetsnormen er klar. Då vel ein også leiar for referansegruppa. Saman med referatet frå dette møtet blir dei inviterte instansane til referansegruppa, bedne om å melde inn sine representantar innan ein viss frist.

I ettertid gjer sekretariatet framlegg om at denne fristen blir sett til 13. desember, og at tilbakemelding blir sendt underteikna på e-post.

Skinnarbu11.11.21, Lena Romtveit



**Adresseliste** (berre sendt elektronisk):

Statnett  
Regionale Kraftselskap  
Bykle kommune  
Valle kommune  
Bygland kommune  
Åseral kommune  
Hægebostad kommune  
Kvinesdal kommune  
Sirdal kommune  
Gjesdal kommune  
Sandnes kommune  
Hjelmeland kommune  
Suldal kommune  
Ullensvang kommune  
Vinje kommune  
Agder FK                   både plan og samferdsel  
Rogaland FK               ----- " -----  
Vestland FK               ----- " -----  
Vestfold Telemark FK   ----- " -----  
SF Agder  
SF Rogaland  
SF Vestland  
SF Vestfold Telemark  
Statens Vegvesen  
Villreinnemnda både for Hardangervidda og Setesdalsområdet  
Tilsynsutval Hardangervidda Vestland og Tilsynsutval Hardangervidda Vestfold-Telemark  
Sekretariat villreinnemnder  
Stavanger Turistforening  
DNT Sør  
Verneområdestyret for SVR  
Forvaltningssekretariat SVR  
Setesdal Ryfylke villreinlag  
Setesdal Austhei villreinlag  
SNO på begge sider av heia  
Olav Strand, NVS (fagleg leiar)  
Miljødirektoratet (observatør)  
NVS (sekretær)  
FNF-organisasjonane

**Norsk Villreinsenter Nord:** NO-2661 Hjerkin | +47 95 05 47 55 | E-post: post.nord@villrein.no  
**Norsk Villreinsenter Sør:** NO-3660 Rjukan | Telefon: +47 35 08 05 80 | E-post: post.sor@villrein.no  
**Stiftelsen Norsk Villreinsenter:** NO-7485 Trondheim | Telefon: +47 48 10 10 48